

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015

Vedtak

Overnatting: UFU synast hotellet var bra, men håpar at oppussing er ferdig innan nettverkssamling. Det var og eit problem med at folk bytta rom utan lov, noko som førte til at nokon ikkje visst kor dei skulle søva. På neste UFT bør me gje meir informasjon om at rombyting ikkje er lov, og at visst nokon vil søva på enkeltrom så må dei gje beskjed i god tid før tinget.

Møtelokalar: Hovudsalen var ein veldig nøgd med. Det var og bra at ein hadde ein sal til leikar og anna sosialt, for då slapp ein å rydde vekk stolar og bord heile tida. Det var dumt at dei små møteromma var så langt frå kvarandre, det gjorde det ganske stressande for UFU.

Service: UFU var veldig nøgd med servicen, og synest alle dei tilsette på hotellet var veldig hyggelige.

Mat: UFU synast det var bra at det var buffet, og synast middagen på laurdagen var veldig bra. Pausematen var ein veldig nøgd med, fordi ein hadde både sunne og usunne alternativ.

Program: Det var eit bra program, men det var kanskje litt for mange pausar.

Møteleiare: UFU er veldig nøgd med møteleiare, og ynskjer gjerne å ha dei på neste UFT og.

Sosialt opplegg: Det sosiale opplegget var veldig bra. Det var organisert på ein måte som gjorde at alle vart kjend med mange. Det einaste er at det burde vere ein bord med brettspel på, for dei som ikkje ynskjer å vere med på fysiske leikar.

Støtte frå administrasjonen: Støtta frå administrasjonen vart seten stor pris på. Dei gjorde ein utruleg god jobb.

Oppmøte frå kommunar: Oppmøtet frå kommunane var ikkje bra. Det var for dårlig kommunikasjon mellom UFU og ungdomsråda. Dette må forberast til neste UFT.

Oppmøte frå UFU: Oppmøtet frå UFU var ikkje optimalt, men dei som deltok var veldig flinke. Me må vere meir klar på at UFT er nesten obligatorisk for UFU.

Ungdommens fylkesutval si rolle på tinget: Det var lett å sjå kven som var i UFU og at det var dei som arrangerte. UFU var flinke til å inkludere delegatane.

Anna: Valkomiteen brukte for lang tid, dei sa det var mykje meir uformelt enn det egentlig var. Det var og eit problem med at nokre delegatar satt for mykje på mobilen og ikkje fekk med seg kva som skjedde. Me må vere meir klar på at ein ikkje sitt på mobilen når det ikkje er pause.